



Arkoconsult As  
Postboks 103

5291 VALESTRANDSFOSSEN

Dato	Saksbehandlar	Vår ref.	Dykkar ref.
06.09.2023	Sture Helle	22/1525 - 15	

### **23/1 - Kleppe Nordre - Klage på avslag på søknad om dispensasjon fra LNF-formål**

*Plan- og kommunalteknisk utval - 075/23:*

***Det er gjort følgjande vedtak i saka:***

*Kommunen sitt vedtak av 29/06/2022 saknr.187/22 vert gjort om. Klagen vert teken til fylge. Det vert gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova §19-2 som omsøkt. Bygget sitt arkitektoniske utrykk skal bevarast gjennom ei ombygging og bruksendring.*

*Vurderinga er at fordelane med dispensasjon er større enn ulempene, og set ikkje LNF-føremålet til side. Bygningen representerer i dag ikkje noko verdi som driftsbygning for bruket. Dersom garden skal takast i drift att med sjølvstendig dyrehald vil ikkje denne bygningen stette dagens krav mtp dyrevelferd med meir, og det vil då verte trong for å oppføre ein ny driftsbygning. Med å gje løyvet kan me sikre at bygget ikkje forfell. Tiltaket krev ikkje nytt areal og bandlegg ikkje urørt natur. Det vert elles vist til grunngjevinga i dispensasjonssøknaden.*

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp.

Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar du ønskjer og grunngje kvifor du klagar på vedtaket.

Klagen er og send statsforvalter for klageurdering.

*Vennleg helsing  
Sture Helle  
Sakshandsamar*

*Andre mottakarar:*

*Arkoconsult As*

*Geir Åge Mjelstad, Arkoconsult As*